

Wikipedia - Det frie oppslagsverket

1. Opphav

- Engelsk versjon vart starta i januar 2001 av Jimmy Wales
- Seinare same året vart Wikipedia på andre språk (m.a. tysk, fransk, spansk og bokmål) starta.
- *WikiWiki* er eit hawaiiisk ord for *veldig snøgg*, sett saman med *encyclopedia* vert det **Wikipedia**, eit *snøggleksikon*.

2. Teknologi og lisens

- Wikipedia blir drive av Wiki-teknologi. Dette inneber at ein gjer terskelen for å bidra så låg som mogleg. Ein kan bidra anonymt, og syntaks for formatering av teksten er veldig enkel.
- Wikipedia sitt innhald er lisensiert under "GNU Free Documentation License" (GFDL). Denne lisensen liknar på den som blir brukt til fri programvare slik som t.d. "Linux" og "OpenOffice".
- Lisensen gjer det mogleg å fritt bruka, redigera, kopiera og redistribuera innhaldet, så lenge ein gir andre den same fridomen (dvs. brukar same lisens).

3. Wikipedia i dag

- Wikipedia veks med enorm hastighet. Den engelske versjonen har over 380 000 artiklar, den tyske 160 000, bokmålsversjonen 10 000 og den nynorske over 1100.
- Den engelske har ein kjerne på rundt 2000 veldig aktive brukarar, den tyske 800 og bokmålsversjonen om lag 80.
- Totalt blir det gjort over 1,5 millionar redigeringar i månaden på alle språka.
- Wikipedia er drifta av "Wikimedia Foundation" som også driv andre Wiki-prosjekt (t.d. WikiBooks, Wiktionary og Wikiquote)
- Wikipedia er ifølge "Alexa" snart ei av verdas 200 mest populære nettstader, og har lenge vore meir populær enn t.d. Britannica.com
- Tysk Wikipedia har nyleg kome ut på CD (sjå "Lenkjer" under). Tyske "PC-Welt" gav den karakteren 1,2 (A).
- Tysk Wikipedia vart i oktober 2004 vurdert i to ulike undersøkingar. IT-tidsskriftet "c't" som er eit av Tyskland sitt ledande tidsskrift i sin sjanger fant Wikipedia best på kvalitet med god margin samanlikna med "Microsoft Encarta" og "Brockhaus" (tysk svar på "Encyclopedia Britannica"). I vurderinga brukte dei fleire ekspertar som vurderte 66 emne innan fagområda samfunn, vitenskap og kultur.
- "Die Zeit" som er ei av Tyskland sine største helgeaviser, fant også Wikipedia best på kvalitet. I tillegg til "Encarta" og "Brockhaus" vurderte dei óg fleire små leksikon og den engelske Britannica på DVD. "Die Zeit" brukte også ekspertar, og vurderte over dobbelt så mange emne (147) som "c't".



4. Nynorsk Wikipedia

- vart starta 31. juli 2004
- har fleire høgt kvalifiserte bidragsytarar
- har allereie over 1100 artiklar

5. Korleis bruke Wikipedia som utgangspunkt for Nynorsk leksikon

- Med nok merksemd og støtte til nynorsk Wikipedia vil den kunne vokse seg stor som t.d. tysk Wikipedia.
- Ved å opprette ein redaksjon som redigerer og kvalitetsstemplar artiklane kan ein laga ein "godkjend versjon".
- Midlar kan også brukast på fagleg kompetente skribentar og sikring av drifta.

Lenkjer

- Nynorsk Wikipedia: <http://nn.wikipedia.org>
- Engelsk Wikipedia: <http://en.wikipedia.org>
- Tysk Wikipedia: <http://de.wikipedia.org>
- Wikimedia Foundation: <http://wikimediafoundation.org>
- Tysk Wikipedia CD: <http://de.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Wikipedia-CD/Download>

Kontakt

Skriv ei melding på <http://nn.wikipedia.org/wiki/Brukardiskusjon:dittaeva> eller kontakt:

Guttorm Flatabø

E-post: flatabo@stud.ntnu.no

Tlf: 400 60 972